Vil du leia det det nye sekundærreinseanlegget på Stord?

Det nye sekundærreinseanlegget skal stå ferdig innan 2029 og me ønskjer ein engasjert og strukturert leiar som blir med i prosjekteringa, byggjeprosessen, testing og driftssetjing.

Me ser etter deg som kombinerer teknisk forståing med gode leiareigenskapar, og som trivst med praktiske oppgåver, fagleg utvikling og leiing av medarbeidarar.

I tillegg til å leia det nye reinseanlegget, vil stillinga få ansvar for alle avløpspumpestasjonane i Stord kommune, samt driftsoperatørane som jobbar innanfor området.

Stord Vatn og Avløp AS er eit kommunalt eigd aksjeselskap med ansvar for drift og utvikling av vass- og avløpsinfrastruktur i Stord kommune.

Leiar – Sekundærreinseanlegg og avløpsstasjonar

Utdanning og erfaring:

- Prosess, VA-utdanning eller anna relevant teknisk utdanning på bachelor/master nivå. Lang og relevant erfaring kan kompensera for manglande formell utdanning
- Administrativ, økonomisk og teknisk leiing, samt personalleiing.
- Drift og styring av prosessanlegg
- Erfaring med offentlege anskaffingar og kontraktstyring
- God digital kompetanse

Arbeidsoppgåver:

- Prosjektoppfølging for bygging av sekundærreinseanlegget samt 3 nye avløpspumpestasjonar
- Drift, styring og vedlikehald av sekundærreinseanlegget og alle avløpspumpestasjonar
- Leiing av tilhøyrande driftspersonell
- Operative oppgåver ved behov
- Arbeidsprosessar og styrande dokumentasjon
- Strategi, budsjett og økonomi for området

- HMS-ansvar
- Dokumenthandtering

Eigenskapar:

- Interesse for prosesstyring og prosessoptimalisering
- Resultatorientert og kostnadsbevist
- Positiv og strukturert
- Gode gjennomføringsevner
- Motiverande og samlande
- Sjølvgåande, men samtidig ein lagspelar
- Nytenkande og løysingsorientert
- Gode norskkunnskapar- både munnleg og skrifteleg. SVA nyttar nynorsk som skriftspråk

Dersom søkjar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkjarliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkjaren kan verta offentleggjort, sjølv om søkjar har bedt om ikkje å verta oppført på søkjarlista. Søkjar vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til følgje.

Søknadsfrist: 29.11.26
Kontaktperson: dagleg leiar Sverre Brufladt på tlf 916 95 330

Søknad og CV sendes til post@stordva.no